

Arkivsak-dok. 23/00908-1
Saksbehandler Mette Rye

Saksgang	Møtedato	
Rauma Formannskap	10.05.2023	PS-36/23
Rauma Kommunestyre	25.05.2023	PS-30/23

Saksframlegg

Årsrapport med regnskap 2022

Rauma Formannskaps innstilling:

1. Kommunestyret godkjenner årsrapport 2022 med rekneskap for 2022 for Rauma kommune
2. Plan for inndekning av tidligere års underskot justerast ved at inndekning i 2023 endrast til 10 500 612,89. Plana endrast slik:

Dekning av underskot	2022	2023	2024	2025	SUM
Vedtatt 25.05.22 PS 33/22	-8230	-10000	-11322	-12853	-42405
Ny tt vedtak	-31905	-10500			-42405

Inndekning av endringa budsjettjusterast i samband med budsjettjusteringssaka i juni møtet.

3. Rauma kommune lager en bindende plan for å få nivået på nettogjeld på landsgjennomsnittet, f.eks. i løpet av 25 år

Kommunedirektørens innstilling:

1. Kommunestyret godkjenner årsrapport 2022 med rekneskap for 2022 for Rauma kommune
2. Plan for inndekning av tidligere års underskot justerast ved at inndekning i 2023 endrast til 10 500 612,89. Plana endrast slik:

Dekning av underskot	2022	2023	2024	2025	SUM
Vedtatt 25.05.22 PS 33/22	-8230	-10000	-11322	-12853	-42405
Ny tt vedtak	-31905	-10500			-42405

Inndekning av endringa budsjettjusterast i samband med budsjettjusteringssaka i juni møtet.

Bakgrunn

Etter § 14-3 i kommunelova skal årsrekneskap og årsberetning vedtakast seinast seks månader etter utgangen av året.

Vedtaket skal vise korleis eit eventuelt meirforbruk skal dekkast inn. Formannskapet skal innstille til vedtak i kommunestyret. Kontrollutvalet skal komme med ein uttale før formannskapet gjev si innstilling.

I Kommunelova § 14-7 Årsberetning står det:

- a) årsberetningene skal redegjøre for forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid
- b) vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene
- c) virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne
- d) tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard e) den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling
- f) hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.

Problemstillinger

Rauma kommune er på ROBEG og hadde ved inngangen av året eit akkumulert underskot i drifta på 42 millionar kroner fra perioden 2019-2021. I 2022 viser rekneskapen balanse, etter å ha dekt inn att 31,9 millionar av tidlegare års underskot (23,7 millionar meir enn budsjett). Vi står no att med 10,5 millionar å dekke inn. Derav 7,4 millionar i frå underskotet i 2020, og 3,1 millionar i frå 2021.

Vi viser her til Kommunelova § 14-11: et meirforbruk i driftsregnskapet til kommunekassen eller fylkeskommunekassen skal dekkes inn året etter at det oppsto. Dersom meirforbruket ikkje kan dekkes inn året etter at det oppsto, skal det dekkast inn seinast det andre året etter at det oppsto. Kommunestyret kan i særlege tilfelle vedta at et meirforbruk i driftsrekneskapet til kommunekassa skal dekkast inn seinast fire år etter at det oppsto. Dersom de samfunnsmessige og økonomiske konsekvensane av å dekke inn et meirforbruk etter første punktum vil bli for store, kan departementet godkjenne eit vedtak om at meirforbruket dekkes inn over en periode på fleire enn fire år etter at det oppsto. Alt må derfor normalt være dekt inn att innan 2023. Vår plan for inndekning er til og med 2025. Vi må no revidere plana.

Faktagrunnlag

Årsrapporten er utarbeidd i samarbeid mellom leiarane for tenestoområda og administrasjonen. I tillegg er det brukt KOSTRA data og analyser utarbeidd av Telemarkforskning, Kommunal Rapport og NHO. Det er også vedlagt ein rapport pr tenestoområde. Vedlagt er også kontrollutvalet sin uttale og revisorberetninga, klimarapport og ei vurdering av internkontroll knytt til våre innkjøp.

Vurdering

Det er svært positivt at vi kunne nedbetale 23,7 millionar meir enn budsjettert av tidlegare års underskot i 2022. Med 31,9 millionar nedbetalt står vi att med 10,5 millionar å dekke inn.

Netto driftsresultat er den viktigaste indikatoren for økonomisk balanse og bærekraft i kommunesektoren. For første gang sidan 2017 ligg vi over 1,75% av brutto driftsinntekter som er det nivå som Teknisk berekningsutval tilrår.

År 2022	År 2021	År 2020	2019	2018	2017
4,0	0	-4,4	-1,9	0,5	2,3

Ei kraftig auke i kostnader da vi tok i bruk det nye Helsehuset i 2018, saman med fall i inntekter knytt til kraftsal, eigedomsskatt og frie inntekter ved 400 færre innbyggjarar etter grensejusteringa (01.01.2021) ga ei innstramming som vi no i stor grad har tilpassa oss. Vi har mellom anna klart å ta ned kostnadsnivået på Helsehuset med dei institusjonsbaserte tenestene. Samstundes har inntektene frå skatt og eigedomsskatt tatt seg opp etter 2020. Eigedomsskatten er no på 38 millionar kroner, som er 5,6 millionar meir enn i 2021.

Ei auke mot slutten av året i frå den nasjonale skatteutjamninga ga ei meirinntekt på 14,5 millionar kroner over budsjett. Desse eingongsinntektene og 5,6 millionar i lågare pensjonskostnader enn budsjett medverka til at resultatet vart vesentleg betre enn varsla i tertialrapporten. Men resultatet skuldast også godt arbeid i tenestemråda over fleire år med å redusere kostnader, og auke i inntekter.

Tenestemråda hadde eit meirforbruk på 7,9 millionar mot 19,9 millionar kroner i fjor, eller 1,7% meir enn budsjett, mot 4,3% i fjor og 6,7% i 2020 (31 millionar). Helse- og omsorg var den einaste over 3%. Her vart det eit meirforbruk ut over budsjett på 13 millionar, mot 12,7 millionar i 2021. Likevel er det ut i frå ei lågare nettoramme, slik at vi er på rett veg. Kostnadsnivået er redusert med brutto 10 millionar kroner i frå 2021. Det er imponerende, sjølv om 5 av dei skuldast at det vart flytta oppgåver over til Helse og velferd. Det er innafør heimebaserte tenester vi no jobbar aktivt med tiltak for å nå målet om balanse mot budsjett.

	Regnskap	Buds(end)	avvik	avvik i %	Oppr. budsje	Regnskap
BEVILGNINGSRAMMER DRIFT	2 022	2 022			2 022	2 021
POLITISK STYRING OG KONTROL	5 109 587	5 278 000	-168 413	-3,2 %	4 758 000	5 005 564
SENTRAL ADMINISTRASJON	31 323 247	34 120 000	-2 796 753	-8,2 %	28 120 000	33 860 435
KULTUR	8 623 957	8 461 000	162 957	1,9 %	8 441 000	8 253 532
KIRKEN	5 419 000	5 419 000	0	0,0 %	5 419 000	5 291 000
BARNEHAGE	63 265 554	63 085 000	180 554	0,3 %	62 660 000	62 251 639
SKOLE	93 254 119	92 666 000	588 119	0,6 %	90 771 000	89 925 516
HELSE OG VELFERD	45 424 284	48 665 000	-3 240 716	-6,7 %	52 111 000	48 451 827
HELSE OG OMSORG	170 008 136	156 625 000	13 383 136	8,5 %	158 375 000	180 166 550
UTBYGGING	54 838 861	55 023 040	-184 179	-0,3 %	55 820 000	51 367 739
SUM	477 266 745	469 342 040	7 924 705	1,7 %	466 475 000	484 573 802

Kommunebarometeret viser Rauma sin relative plassering blant landets kommunar når det gjeld «kvalitet og omfang» av tenesteproduksjonen, og vi har hatt ei samla betring på barometeret dei seinaste åra.

	2020	2021	2022	Endring
Grunnskule	160	65	78	-13
Pleie og omsorg	124	78	183	-105
Barnevern	218	279	331	-52
Barnehage	276	207	195	12
Helse	247	57	115	-58
Sosial	15	330	95	235
Kultur	188	192	255	-63
Miljø og ressursar	120	59	69	-10
Saksbehandling	239	88	166	-78
Vatn og avløp	38	35	34	1
Økonomi	360	326	305	21
Kostnadsnivå	259	182	165	17
Totalt	184	180	174	+ 6

(basert på Kostra og rekneskapstal i frå 2021)

I 2022 vart investeringane i varige driftsmidlar 152,2 millionar, som var 41 millionar lågare enn budsjett. Det meste av dette skuldast framdrift, og 28 millionar er difor budsjetttert på ny i 2023. 23 av desse gjeld brannstasjonen.

	Regnskap	Buds(end)	Avvik(per.)	Regnskap
	2022	2022	0	2021
SENTRAL ADMINISTRASJON	3 587	4 577	990	4 225
KULTUR	40	3 425	3 385	13 898
KIRKEN	-	450	450	147
BARNEHAGE	78	50	-28	130
SKOLE	1 610	1 180	-430	2 704
HELSE OG VELFERD	337	-	-337	608
HELSE OG OMSORG	2 282	4 000	1 718	3 896
UTBYGGING	144 245	180 028	35 783	127 220
TOTALT	152 179	193 710	41 531	152 828

Gjelda var ved utgangen av 2022 på 983 millionar. Utviklinga i netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter har vært slik:

År 2022	År 2021	År 2020	2019	2018	2017
116	109,8	105,2	96,3	97,5	114,8

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter er 116%. Det er langt over landsnittet på 89,8%. Avvikling av Rauma Boliger AS i 2022 ga ei auke på 74 millionar kroner i gjeld, som skal dekkast av husleieinntektene.

	2022	2021
Gjeld 31.12	983 067 059	875 782 328
Ubrukte lånemidler	-29 850 272	- 9 777 498
Vidareutlån	-58 314 379	-54305758
Rentekompensasjonsordningar	-24 914 389	- 28 892 171
Sjølvkostområda	-120 152 452	-120 093 135
Rauma kulturhus og <u>konf.senter AS</u>	9 963 090	10 913 080
Utlån Rauma Energi	-58 800 000	-60 000 000
Korrigert netto gjeld	700 998 657	613 626 846

Med tanke på at vi ikkje har ein buffer på disposisjonsfond, så er vi sårbare, og gjeldsnivået er ikkje bærekraftig. 1% auke i rentenivået gir ei brutto auke i rentekostnadene på 5,8 millionar kroner. Netto auke er 3 millionar kroner.

Økonomiske konsekvenser

Vi står no att med 10,5 millionar å dekke inn. Derav 7,4 millioner i frå underkotet i 2020, og 3,1 millioner i frå 2021. Vår plan for inndekning av underskot vedtatt 25.05.2022 er:

2022	2023	2024	2025	SUM
8230	10000	11322	12853	42 405

Inndekninga i 2022 vart meir enn plana, og plana bør dermed reviderast til:

Dekning av underskot	2022	2023	2024	2025	SUM
Vedtatt 9.12.21 PS 97/21	-8230	-7795	-10448	-12853	-39326
Vedtatt 25.05.22 PS 33/22	-8230	-10000	-11322	-12853	-42405
Forslag	-31905	-10500			-42405

I 2023 har vi en risiko knytt til Helseplattformen som vil gje betydelege meirkostnader. Vi har ikkje disposisjonsfond og er slik sett sårbar. Eit alternativ er derfor å dele nedbetalinga av dei siste 10,5 millionane på to år for å finansiere dette.

Etter regelverket bør vi lage ei plan som dekker det resterande innan 2023. Da må dei siste 500 000 finansierast.

Betydning for folkehelse, miljø og klima

Utslippsdataen viser, at Rauma kommune reduserte sitt klimagautslipp med 6,2% eller svarende til 2257 tonn CO₂-ekvivalentar. Årsaken til denne kraftige reduksjon skal finnes i kategoriene *Jordbruk, sjøfart og Annen mobil forbrenning*. Vår framskriving viser nå at Rauma samfunnet har planer om tiltak som vil redusere våre utslipp med 8290 tonn CO₂-ekvivalentar, men fortsatt manglar tiltak tilsvarande en reduksjon på 3279 tonn CO₂-ekvivalentar, for å nå målet om å redusere klimagass utslippet med 40 % i perioden 2009 – 2030. Her må alle bidra, og dette bør være eit viktig punkt i den nye samfunnsplanen.

Folkehelse er også helt avgjørende for det langsiktige arbeidet. Dersom vi lukkast med å betre folkehelsa er vi godt budd på den kraftige auken i tal på eldre i frå 2030. Kor mange heildøgns plasser vi treng, vil være opp til kor godt vi, og folk sjølve, lukkast med å tilpasse seg til, og førebygger dårleg helse som følge av aldring, samt grad av effektivisering i tenesteproduksjonen framover.

Konklusjon

Netto driftsresultat er over 1,7% for første gong på mange år. Vi er ikkje friskmeldt, og har stadig inga disposisjonsfond, men vi er på rett kurs. Gjeldsnivået må derimot ned skal vi få ein sunn økonomi. Det betyr fortsatt stramme investeringsbudsjett i neste periode. Plan for nedbetaling av tidlegare års underskot må reviderast etter at vi betalte ned 23,7 millionar meir enn budsjett i 2022.

Vedlegg

Slutt kontroll og status 2022 - lokale innkjøp
Årsmelding 2022 for skole, SFO og PPT
Årsrapport Barnehage 2022
Årsrapport Helse og Velferd 2022
Årsrapport tjenesteområdet Kultur 2022
Årsrapport Utbygging 2022
Årsrapport_22 Helse og omsorg
UAVHENGIG REVISORS BERETNING TIL RAUMA KOMMUNE SITT ÅRSREGNSKAP 2022
Årsrapport 2022 klimaregnskap Rauma
Vedlegg Klimaregnskap 2022
Årsrapport 2022 Rauma kommune
Grunnlagsdokument for kontrollutvalgets uttalelse for 2022
Kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskap og årsberetning 2022 - Rauma kommune